



FOTBALLGRUPPA I SYRIL  
ÅRSMELDING 2020



## Innhold

1. Organisasjon 2020.....	3
2. Aktivitet .....	4
Generelt.....	4
Seriespel - påmelde lag sesongen 2020 .....	5
Deltaking på KM Futsal.....	5
Kretslag/sonelag.....	5
Sportslege tiltak i egen klubb .....	5
Kurs/møter med eksterne .....	6
Trenarar og lagleiarar .....	6
Trenarar .....	6
Fair Play 2020 .....	7
Kvalitetsklubb .....	7
Dugnader .....	7
Informasjon .....	8
Anlegg.....	8
Utstyr.....	8
Dommarar .....	9
Sponsorar .....	9
Heidersteikn .....	9
Oppsummering av året og vidare framover .....	9
3. Rekneskap 2020.....	11
4. Budsjett 2021 .....	13
5. Årsmelding frå laga.....	14
Miniputt.....	14
Jenter J11 (fødde i 2009 og 2010) .....	14
Jente 11/12 år .....	15
Småjente j 13/14 (fødd 2006 og 2007).....	17
Jenter 15/17 7ar/9ar .....	19
Damer 3.divisjon.....	20
Gutar 10.....	22
Gutar 11.....	23
Gutar 12.....	23
Smågutar 13-14 år .....	24
Gutelaget G15/17 .....	25
Senior herre.....	26

## 1. Organisasjon 2020

<b>Styret i fotballgruppa</b>		<b>Andre verv</b>	
Leiar	Magna Vangsnes	Materialforvaltar	Elin Falkgjerdet
Nestleiar	Rune Aaland Eggum	Dommarkontakt	Birte Andersen Røysum
Sportsleg leiar	Steinar Røysum	Kioskgruppe	Mariann Fredheim
Arrangement	Linda Fossberg		Siv Anette S Thorsnes
Barn/Ungdom	Kitty Renate Krosshaug	Sportsleg utval	Steinar Røysum
Senior	Erlend Husabø		Jan Tore Slinde,
Miniputt	Birte Andersen Røysum		Lina Lunde Christensen
Økonomi	Torill Skårhaug		Kitty Krosshaug
			Stein Vangsnes
<b>Valnemnd</b>	Rune Henjesand	Miniputtgruppe	Birte Andersen Røysum
	Tony Borlaug		Andreas R Thue
	Gro Linde		Espen Sæterbø
		Anleggsansvarleg	Svein Jarle Skårhaug
		Anleggsgruppe	Daniel Ølmheim
			Joakim Synnevåg
			Magne Gjerløw
			Lasse Randen
			Helge Solbakken

Styret og valnemnda er valde av årsmøte. Leiar er medlem i Syril hovudstyret. Nestleiar er vara.

Styret i Syril Fotball har hatt 12 styremøte, og handsama tradisjonelle styresaker. Nokre møte har vore på Teams eller liknande. Styremedlemmane med fleire har delteke på diverse møter med kretsen, dei fleste på Teams

Organisasjonen har fungert godt, og mange frivillige har lagt ned ein stor innsats. Oversikt over trenarar og lagleiarar er lagt ved årsmeldinga. Anleggsgruppa kom på plass på slutten av året, og gjer at vi har fleire som kan bidra inn mot drift av anlegga våre kommande sesong.


Dokument som beskriv organisering og drift av fotballgruppa ligg på [www.syril.no](http://www.syril.no).

- Klubbhandbok ( med m.a. verdiar, organisering, diverse rutinar klubbdrift, økonomi og samarbeid med andre klubbar, rekrutteringsplan)
- Sportsplan 2017-2020
- Rollar og arbeidsoppgåver i fotballgruppa
- Årshjul
- Samarbeidsavtale mellom handball og fotball

Sportsplan er revidert og vert lagt fram som eiga sak på årsmøte.

Undervegs i året har styret oppretta fleire undergrupper - viktigaste i år er at vi på slutten av året har på plass anleggsgruppe – slik at får betre kapasitet og fleire som kan bidra inn mot drift av anlegga. Styret ser det som positivt med mange undergrupper. Det vert då fleire som involverer seg i drifta, bidra rundt lag og dommarar og vere med å skape aktivitetar. Vi håpar og å unngå at arbeidsmengda vert for stor for den enkelte.

Organisasjonskart 2020 – styret med undergrupper:



## 2. Aktivitet

### Generelt

2020 vart ein spesiell sesong pga. Covid-19 og restriksjonar. Fram til mars gjekk aktiviteten som normalt. All aktivitet stoppa då Norge stengde ned i mars, og resten av året har aktiviteten vore slik som retningslinjene har tillat. Born og ungdom kom etter kvart i gang, men for seniorlaga vart det ikkje opna opp for seriespel og det vart restriksjonar på treningsaktiviteten resten av året.

- Futsal gjekk som normalt for aldersbestemt i frå januar til mars.
- Det ingen aktivitet i mars – april.
- I slutten av april og i mai starta dei fleste laga med treningar igjen – gjennomført slik retningslinjene tilsa. Vanlege treningar frå 1.juni for born og ungdom.
- Seriespel for aldersbestemte lag i haustsesongen
- Kongleriketturneringar for miniputt i haustsesongen
- Det vart ikkje opna for seriespel eller ordinære treningar på seniornivå
- Ingen turneringar i sommar
- Tine fotballskule for 8-12 åringane vart gjennomført (45 deltakarar)
- Planlagde arrangement som m.a. fotballsøndag, oppstarts-samling før sesong og familiedag på bana vart ikkje gjennomført.

Særleg for senior-spelarane over 20 år har restriksjonane vore omfattande, og det har vore utfordrande å tilrettelegge aktivitet og halde oppe motivasjon for denne gruppa.

Baneanlegget har vore open for bruk utanom organisert aktivitet heile året. I den første tida i mars/april med heimeskule for alle vart anlegget mykje nytta av foreldre med ungar.

Kiosken er open på alle kampar, kioskgruppa og foreldre har sørge for god drift. Kiosken er eit viktig økonomisk bidrag til drift av gruppa.

## Seriespel - påmelde lag sesongen 2020

1 senior dame 11år	1 seniorlag herre 4. divisjon
1 J15/17 11-ar (9'ar)	1 G15/17 11år
1 J13/14 9år	1 G13/14 9-ar
1 J12 7'ar	1 G12 9-ar
1 J11 7'ar	1 G11 7-ar
1 J09 5'ar	1 G10 5-ar
	1 G9 5-ar
Sum: 6 lag (ca. 55 spelarar)	Sum: 7 lag (ca. 90 spelarar)
Miniputt (94 spelarar)	

Det er ca. 245 aktive spelarar I underkant av 500 personar er registrert som tilhøyrande fotballgruppa i medlemsregisteret i Syril.

Syril har god deltaking av lag på aldersbestemt nivå i høve tal på innbyggjarar, og vi er nøgde med at vi har lag i dei fleste årstrinn, både gutar og jenter. Serien vart avvikla på hausten. For miniputtane vert seriekampane avvikla i form av Kongleriketturneringar.

I årsrapportane til dei enkelte laga som ligg etter styret sin årsrapport er det meir om laga sin aktivitet gjennom året.

Det har vore mange gode prestasjonar i haust. Vi gratulerer jentelaget og småjentelaget med Kretsmeisterskap i 9-ar. Gutelaget vart avdelingsvinnarar i 2.divisjon avdeling 1.

## Deltaking på KM Futsal

Vi deltok på KM Futsal - Innleiande runde vart spelt i Saften med lag frå alle årskull. G15, G16, J13, J14, J15 og J16 gjekk vidare til sluttspilet i Sandane. J14 vart Kretsmeister medan J13 tok 2.plass etter straffekonkurranse.

## Kretslag/sonelag

Dei fleste sone- og kretssamlingar er avlyst. Nokre årskull har fått ikkje gjennomført samlingar i det heile.

## Sportslege tiltak i eigen klubb

Frå medio mai og ut juni vart det gjennomført laurdagstreningar i hovudsak for aldersgruppene 13 år og oppover, 24 stk. deltakarar. Det var nokre laurdagstreningar i august og november, då var det også med ein del yngre spelarar med.

Etter kampsesongen i haust fortsette mange av laga å trene både ute og futsal, her var det samtrening mellom dei ulike kulla.

I høve Sognekraftakademiet sin trening på Syril stadion gjennomførte dei eit trenarforum med våre trenarar, ein samtale del samt såg på treningsøkta som dei hadde etterpå.

Revisjon av sportsplan starta opp på slutten av året.

## Kurs/møter med eksterne

- Grasrottenarkurs , 6 deltakarar.
- Intern samling for dommarar meg gjennomgang av nye reglar, august 2020
- Klubbdommarkurs for 8 nye dommarar
- Sonemøte Krets
- Lagleiar møter Krets
- Besøk frå NFF Sogn og Fjordane i juni

Elles har styret med fleire i delteke på diverse møter i regi av kretsen, dei fleste på Teams. Leiar møte i november i fotballkrisen vart avlyst.

## Trenarar og lagleiarar

For aldersbestemt og miniputt var dei fleste trenarar og lagleiarar på plass til sesongen starta. Ein er avhengig av foreldre stiller opp for at vi skal kunne ha lag i aldersbestemte klassar. Om lag 100 personar har vore med som trenarar og lagleiarar for dei ulike laga (sjå oversikt sist i årsmeldinga).

I år var det kunn eit lag som fekk gjennomført oppstartsmøte i vår før korona pausen, Sportsleg leiar/ansvarleg for aldersbestemt var med på dei første treningane for aldersbestemt når dei starta opp igjen etter koronapausen.

Det vart gjennomført trenarforum i haust, 14 deltakarar, trenarar frå dei fleste laga deltok, dette er noko som skal vidareførast, minst 3 trenarforum i løpet av sesongen.

I tillegg har det vore møte i sportsleg utval og jentegruppa.

Evalueringsmøte i juni gjekk ut og trenarforum erstatta evalueringsmøte i haust.

### Trenarar

Det vart gjennomført elektronisk Grasrottenarkurs i 2020, med 6 deltakarar frå Syril. Vil prøve å få gjennomført Grasrottenarkurs-Del 1 og Barnefotballkveld i mars/april 2021. Det er viktig at nye trenar som kjem inn som trenarar på miniputt tar Grasrottenarkurset-DEL 1. Vi vil oppfordra alle våre trenarar til å gjennomføra Grasrottenarkurset. Trenarutdanning er eit viktig utviklingstiltak som Syril som klubb vil prioritera framover.

Det har ikkje lukkast å få på plass trenarretteleiar i klubben, det må vi framleis jobbe for å få på plass. Ein trenarretteleiar vil vera ein god støtte for alle våre trenarar.



## Fair Play 2020

Nestleiar har vore Fair Play ansvarleg og ansvar for å koordinere Fair Play tiltak i klubben.

Målet før sesongstart vart å ha ekstra fokus FP i 2020 med anna haldningskontraktar og Fair Play-prisar på senior. Koronasituasjonen sette sitt preg på gjennomføringa og vi fekk ikkje jobba så systematisk som tenkt. Haldningskontraktar vart sendt ut til alle for gjennomgang i laga og Fair Play rapport er sendt til kretsen etter endt sesong.

I klubbhåndboka og sportsplan er Fair Play i vår klubb omtalt nærmare. I 2021 ynskjer vi å jobbe for å forankre FP-verdiane hjå alle lag for å sikre at det enkelte lag tek eigarskap for verdiane. Gjennom å opptre som gode rollemodellar og ta eit aktivt ansvar i haldningsarbeidet ynskjer Syril fotball å skape ein god klubbkultur og godt lokalmiljø. Vi har alle eit ansvar for å skape trivsel og tryggleik i klubben.

## Kvalitetsklubb

Fotballgruppa jobbar med å bli sertifisert som [Kvalitetsklubb](#). Målet er å utvikle fotballgruppa slik at ein jobbar målretta og har gode rutinar i høve aktivitet, organisasjon, kompetanse og tydlege verdier.

Det er 4 hovudtema som må vere oppfylte:

1. Aktivitet (rekrutteringsplan, sportsplan, dommarutvikling, trenarrettleiar, mm)
2. Organisasjon (organisasjonskart og rollebeskrivelsar, klubbhandbok, økonomistyring og rutinar mm.).
3. Kompetanse (trenarar og leiarar)
4. Samfunns- og verdjarbeid (verdjar, heimekampar, Trygge rammer, Fair Play)

Sportsplan, rekrutteringsplan, rolleskildringar og klubbhåndbok med m.a verdier og rutinar er på plass. Dette er dokument som jamnleg bør reviderast.

Vi manglar trenarrettleiar og har for få trenarar med trenarkurs. Det vert jobba med å få på plass dette.

Fotball gruppa har mange nye frivillige og aktive kvart år. God struktur gjer det enklare å vere frivillig, gir grunnlag for god drift med god og sunn fotballaktivitet.

## Dugnader

- Friidrettsstadion – nytt gras med meir
- Avvikling av arrangement som Futsalturnering i januar og KM Futsal i februar
- TINE Fotballskule i august
- Kongleriketturnering i september
- Dugnad på kunstgrasbana
- Køyning av blomster før jul
- Adventskalender (i lag med Handballgruppa)
- Kioskdrift



Drifta av laget er basert på dugnadsinnsats, stor takk til alle som bidreg til fellesskapet på ulike måtar.

## Informasjon

- Mykje informasjon vert lagt ut på Syril sine nettsider [www.syril.no](http://www.syril.no) og Facebook- side. Send e-post til [nett@syril.no](mailto:nett@syril.no) så vert info lagt ut
- E-post til lagleiarar
- Laga internt nyttar i stor grad Spond

## Anlegg

Kunstgrasbana/stadion er eit viktig sosialt samlingspunkt i bygda. I tillegg blir kunstgraset ved ungdomsskulen og mykje brukt til 5'ar kampar og trening for miniputtane. I år har friidrettsanlegget vore under ombygging, og grasbana ikkje vore tilgjengeleg. Ny grasbane (9'ar/7'ar) og kunstgrasfelt for 3 stk. 3'ar baner vart ferdigstilt i 2020, og er klare for bruk i 2021, Syril disponerer 4 stk. 3'ar baner som har vore nytta.

Det har ikkje vore vintervedlikehald på kunstgrasbana, og bana kunne takast i bruk i slutten av februar 2020. Det vart ikkje leigd treningstid i Sognhallen i 2020. Hausten 2020 var det gode tilhøve på bana fram til jul. På vinterstid vert Leikangerhallen nytta. Vi har eit godt samarbeid mot handballen slik at ledige timar vert utnytta. Nokre lag nytta ungdomsskulen på vinterstid, m.a. til basistrening.

Laga hadde ansvar for å rydde på/ved kunstgrasbana kvar si veke i sesongen. Djuprens av kunstgrasbana vart ikkje utført i 2020. Det må inngåast ny avtale i 2021. I tillegg er det m.a. behov for reparasjonar av fleire felt på kunstgrasbane og nytt ballfangarnett.

Etter forslag på årsmøte i 2020 er det utgreidd korleis ein kan tilrettelegge stabile treningstilhøve på vinterstid. Det er kjøpt inn ny slådd og salt. Styret ynskjer å styrke vinterdrifta slik at bana kan haldast open lenger vintertid. Eige orienteringsak på årsmøte.

Det er oppretta ei anleggsgruppe i 2020.

## Utstyr

Ballrommet ved barneskulen fungerer godt. Kwart lag har sitt eige utstyr som ballar, vestar, kjepler, drakter og medisnutstyr innelåst i kvart sitt «bur» inne i ballrommet. Alle lag får utlevert utstyr ved sesongstart og dei set det på plass igjen etter sesongslutt. Gjennom sesongen blir det supplert etter behov.

Alt av utstyr blir kjøpt inn på Røysum Sport1. Røysum Sport1 sponsar Syril fotball med drakter.

Hjartestartaren i ballrommet er ettersett og fungerer.

Det vart organisert felles bestilling og trykking av logo mm. på ny kleskolleksjon vnter/vår 2020.



## Dommarar

Som for alle andre, har og sesongen vore noko annaleis for dommarane våre. Me kom ikkje i gang før haustsesongen. Det var eit veldig langt opphald frå i haust, spesielt for dei som var nye dommarar i fjor haust. Det vart noko forfall av dommarar før me kom i gang. Desse har dømt no i haustsesongen: Jan Arild Rømmen, Jarle Andersen, Sindre Stø Hobber (meldte overgang til Syril i haust), Gunvor Hamre Nornes, Amalie Dimmen Henjum, Vilde Sørum, Pia Krosshaug, Sarah Grepstad Røysum, Oline Flatabø Kleiven, Nickolas Fossberg, Oskar Flatabø Kleiven, Erlend Helset Fardal, Gard Christensen Stokkenes og Andreas Hagheim Barsnes.

I august hadde me ei samling med dommarane for å gå igjennom nye reglar for sesongen, og for å friske opp frå i fjor. Thor Kristian Sortevik hadde samlinga. Thor Kristian hadde og ein gjennomgang på det å vere assistentdommarar med 4 dommarar på bana i haust. Desse fekk prøvd seg litt som assistentdommarar.

Dommargruppa: For sesongen 2020 fekk me på plass ei dommargruppe som skal bistå dommarkontakt. Oppgåvene til dommargruppa er i utgangspunktet å følgje opp dei unge og ferskaste dommarane under kamp. Dommargruppe består av Mette Stokkenes og Christian Kleiven. Dei har gjort ein kjempejobb med å følgje opp dommarane no i haust.

I september hadde me klubbdommarkurs for 8 nye klubbdommarar; Eline Dimmen Henjum, Maria Saltnes Slinde, Ragnhild Mellingen, Linnea Christensen Sjøthun, Adrian Nornes, Stian Strong Skårhaug, Daniel Borlaug og Aksel Aaland Eggum. Jarle Andersen leia kurset. Desse dommarane fekk prøve seg på miniputturneringa som me arrangerte i september.

## Sponsorar

Vi er svært glade for avtalar med Eilert & Edvin Holme AS, Leikanger Auto, Toyota Sogn, Sogningen Amfi, Villmarka, Solberg el-service, og Josvanger Elektro.

## Heidersteikn

Det vart nominert 2 personar til heidersteikn (Blått diplom) for lang innsats i Syril men pga. at Sogn og Fjordane Fotballkrets måtte avlyse samlinga i november er heidersteikn så langt ikkje delt ut for 2020.

## Oppsummering av året og vidare framover

Ut frå forutsetningane har drifta i 2020 vore bra. Fotballgruppa engasjerer mange born og unge, og det er eit stort apparat med frivillige og foreldre som bidreg. Dette er viktig å ta vare på. Det er mange dyktige trenarar/lagleiarar som stiller opp fleire gonger pr. veke, og gjer ein flott innsats for bygda og fotballaktiviteten.

Det er stor skilnad på tal aktive fotballspelarar i ulike årskull. Godt samarbeid mellom laga er viktig for at vi kan stille med mange lag, og gje eit godt tilbod til alle. Vi har fått i stand avtalar med fleire sponsorar, dette vil gje viktige bidrag til drifta i fleire år framover, vi vil jobbe mot fleire sponsorar i 2021. Vi gler oss til å ta i bruk ny grasbane og dei nye 3'ar banene til våren. Samtidig ser vi at det

trengs ein del vedlikehaldsarbeid på og ved kunstgrasbana i 2021, m.a. reparasjon av kunstgras, nytta ballfangarnett og holde vegetasjon ved bana nede.

Vi oppfordrar alle trenarar til å delta på trenarkurs, også dei som ser seg sjølv i rolla som hjelpetrenar. Med kombinasjon av digital undervisning og praksis økt er ikkje dette så tidkrevande som før. Jamført med kubbane elles i Sogn synest det som at Syril har mindre andel trenarar med har trenarkurs.

Det er alltid rom for forbetringar og meir aktivitet. Ei utfordring er å finne nok frivillige som ynskjer å ta på seg nye oppgåver. Styret opplever at fotballaktiviteten er i utvikling og at klubben i større grad må prioritere utviklingsarbeid for å følgje den generelle utviklinga. Inneverande strategiske mål er at klubbstyrt verksemd som skal sikrast gjennom sertifisering som kvalitetsklubb med eit høgt fokus på kompetanse i alle ledd og trenarretteleiarar som kan arbeide strategisk med både å rekruttere og behalda trenarar og spelarar – flest mogleg lengst mogleg.

Vi registrerer også at det i større grad vert tilsett daglege leiarar og sportslege leiarar i løna stillingar som kan halde og styre dette utviklingsarbeidet sidan dette er ressurskrevjande prosessar å ta utelukkande på frivillig innsats. Vidare vert det også i større grad lagt opp til heilårstilbod i fylket gjennom etablering av fleire innandørs fotballhallar, vinterseriar og etablering av heilårsdrifta baneanlegg. Vi ser difor behov for at Syril følgjer med og legg strategiske planar i tråd med utviklinga elles i fylket.

Det er framleis usikkert korleis Covid -19 påverkar kommande sesong. Førebels planlegg ein for at sesongen skal gå som normalt.

*Styret føreslår at ein i 2021 m.a. jobbar vidare med :*

- Få på plass trenarretteleiarar – styret ser det som svært viktig å få på plass treningsretteleiarar. Målet er å støtte trenarane i klubben og bidra til god kvalitet på det sportslege tilbodet.
- Fleire trenarar tek trenarkurs.
- Forankre Fair Play-verdiane hjå alle lag slik at det enkelte lag tek eigarskap for verdiane
- Arrangere 3 trenarforum i løpet av 2021
- Starte opp Syril-akademi
- Sosialt arrangement på bana

Styret ynskjer velkommen forslag til tiltak, oppgåver ein bør ta tak i og elles innspel til korleis fotballgruppa kan bli betre. Møt opp og gje innspel på foreldremøter, evalueringsmøter, oppstartsmøter og andre fora, eller ta direkte kontakt.

*Styret takkar **alle** i SYRIL si fotballgruppe - utøvarar, dei med verv eller som bidreg med dugnad på ulike vis, kakebakarar, kioskvakter, heilagjeng m.v. for ein framifrå og stor innsats i 2020. Vidare ønskjer vi å takke næringslivet for aktiv deltaking – sponsorstøtte er uvurderleg. Sogn og Fjordane fotballkrins har vore gode støttespelarar for gjennomføringa av sesongen.*

**VEL MØTT TIL NY SESONG!**

Leikanger 07.februar 2021

*Styret i fotballgruppa*

### 3. Rekneskap 2020

Førebels rekneskap viser eit overskot på kr 28.000,-.

Sum inntekter viser eit avvik på kr 173.00 i forhold til budsjett, av dette utgjer kr 96.000,- treningsavgifter. Hovudårsaka til dette er at det ikkje vart seriespel for senior og treningsavgifta vart refundert. Som følge av at det vart mindre aktivitet enn planlagt hadde vi og mindre kioskinntekter enn budsjettert, dette utgjer kr 87.000,-.

Sum kostnader er redusert med kr 204.000,- samanlikna med budsjett. Dette skuldast i hovudsak redusert betaling til kretsen, redusert innkjøp til kiosk og utstyr samt mindre dommarutgifter og halleige. Det vart i 2020 investert i ny slodd.

Fotballgruppa fekk løyvd kr 20.314,- frå Lotteritilsynet for tapte inntekter som følge av korona. Det er og søkt om støtte frå Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane og innvilga kr 30.000,-. Dette vil bli utbetalt i 2021. Fotballgruppa søkte og om midlar frå Sture Husabø legat. Her fekk hovudlaget samla tildelt kr 150.000,-.

Treningsavgifter i 2020:

- Senior herrar kr. 3 300 (endra 2019)
- Senior damer kr. 2 500 (endra 2020)
- Aldersbestemt 11-18 år kr. 1 800 (endra 2020)
- Barnefotball 10 år kr. 800 (endra 2020)
- Miniputtfotball 6-9 år kr. 600 (endra 2020)

Vi minner om medlemskap i Syril. Dette mellom anna for at forsikrings-ordninga er knytt opp mot gyldig medlemskap. Er ikkje medlemskapen i orden kan ikkje vedkomande spele kampar då laget har eit direkte ansvar for dekning av skader utanom forsikringsordninga. (rev. 18.02.2020)

	<b>Rekneskap</b>	<b>Budsjett</b>
Treningsavgifter	244 150	340 000
Syrilkalender - sponsorinntekter	41 250	43 000
Fotballskule	33 100	40 000
Andre inntekter	43 700	39 000
Sponsorinntekter	22 500	30 000
Kioskinntekter	72 594	160 000
Dugnadsinntekter	9 000	10 000
Koronamidler	20 314	
<b>Sum inntekter</b>	<b>486 608</b>	<b>662 000</b>
Syrilbuss	48 000	48 000
Straum	20 770	30 000
Gebyr	3 642	5 000
Kontingent og avgifter krins	65 682	100 000
Forsikring og lisensar	31 090	30 000
Innkjøp kiosk	24 976	45 000
Dommarutgifter	32 958	85 000
Lønn	63 000	80 000
Diverse utstyr	61 678	109 000
Andre driftskostnader		10 000
Innkjøp, diverse	11 245	20 000
Drift og vedlikehald anlegg	54 201	20 000
Utgifter fotballskule	9 600	
Leige lokale	22 562	45 000
Møter, kurs		15 000
Turneringar	9 000	20 000
<b>Sum utgifter</b>	<b>458 403</b>	<b>662 000</b>
<b>Resultat</b>	<b>28 205</b>	

## 4. Budsjett 2021

Utkast til budsjett for 2021 viser i tabellen under. Det er teke høgde for at det vil bli vanleg aktivitet frå vårsesongen.

	<b>Budsjett 2021 - utkast</b>
Treningsavgifter	310 000
Syrilkalender	50 000
Fotballskule	35 000
Billettinntekter	25 000
Sponsorinntekter	33 000
Kioskinntekter	150 000
Dugnadsinntekter	10 000
Koronamidler	30 000
<b>Sum innekter</b>	<b>643 000</b>
Syribuss	48 000
Straum	30 000
Gebyr	5 000
Kontingent og avgifter krins	100 000
Forsikring og lisensar	40 000
Innkjøp kiosk	45 000
Dommarutgifter	75 000
Lønn	60 000
Diverse utstyr	100 000
Andre driftskostnader	10 000
Innkjøp, diverse	25 000
Drift og vedlikehald anlegg	30 000
Leige lokale	45 000
Møter og kurs	10 000
Turneringar	20 000
<b>Sum utgifter</b>	<b>643 000</b>

## 5. Årsmelding frå laga

### Miniputt

I 2020 har miniputt stilt lag i følgjande klassar: J/G 6, J/G 7, J/G 8 og J/G 9. I tillegg stilte J9 og G9 med lag i serie.

Det har som tidlegare år vore mange i sving kring miniputt fotballen, og det vert gjort ein god jobb i dei ulike laga. Til saman var det 94 spelarar på miniputt denne sesongen. I tillegg til spelarar var det totalt 34 personar som bidrog som lagleiarar og trenarar for dei ulike laga.

Dei fleste laga på miniputt starta med treningar i månadsskifte mai/juni. Treningane til miniputt har i år vore på kunstgrasbana ved ungdomsskulen. Det har vore ein utfordring i høve 3'ar baner, då grasbana har vore utilgjengeleg på grunn av bygging av ny stadion. Miniputtane fekk nokre veker seint i vår der dei kunne trene på 3'ar baner på kunstgrasbana. Ved oppstart av kampar for aldersbestemt i haust var det ikkje mogeleg å ha 3'ar baner ståande på kunstgrasbana. For ein kort periode fekk ein tilgang til ei 3'ar bane nede på bana ved ungdomsskulen. Det at ein heller ikkje har tilgang på utstysrom nede ved kunstgrasbana, og at dei første må trene litt tidleg for å få plass til alle har vore ei utfordring for einskilde lag denne sesongen. Utfordringane me har hatt vil løyse seg på mange måtar neste sesong når laga som spelar 3'ar kan ha treningstider på dei nye 3'ar banene på nye stadion. Ei anna utfordring som det er meldt inn om er at det er einskilde lag har problem med at spelarane trekk seg frå trening i siste liten, og at ein då ikkje får heilt dei treningane ein har lagt opp til og brukt tid på å planlegge. Dette håpar me er noko ein kan verte bedre på neste sesong.

Syril har vore i sone med Bjørn, Luster, Sogndal, Norane, Vik og Balestrand. Det har kun vore 2 turneringa denne sesongen, begge to på hausten. Den første turneringa var todelt mellom Syril og Sogndal. Turneringa måtte delast opp med tanke på smittevernsreglar og antal deltakarar på arrangement. Sona vår var for stor til å kunne arrangere for alle kulla. Syril arrangerte for 8- og 9-åringane, medan Sogndal arrangerte for 6- og 7-åringane. Den andre turneringa var Syril arrangør. Syril arrangerte for 6- og 7-åringane. Ingen andre klubbar i sona meldte seg til å arrangere for 8- og 9-åringane, men Jotun inviterte med desse kulla på sin turnering, så Syril stilte med lag i J8, G8 og J9 på Jotun sin turnering. G9 har kun stilt på seriekampar denne sesongen, og J9 stilte på ein turnering i haust.

Til tross for nedstenging og at ein ikkje kom i gang med treningar for miniputt før i mai/juni, så har det vore høg aktivitet. Laga har hatt eigne sesongavslutningar.

### Jenter J11 (fødde i 2009 og 2010)

Trenarar: Linda Fossberg, Rune Barsnes, Dag Andre Mo  
Lagleiar: Torill Felde

J11 har trena i lag med J12 heile sesongen. Det er ei stor gruppe med mange ivrige og flinke spelarar. Det har vore godt oppmøte på treningane heile sesongen, og det har vore to treningar i veka. Smitteverns situasjonen gjorde at treningane måtte leggast opp litt annleis enn elles dei første

månadene, men det fungerte fint og jentene hadde godt utbytte desse treningane og. Det vart ikkje spelt kampar i vårsesongen.

Jentene spelte totalt 9 kampar i perioden august-oktober, og dei vann alle kampane. Det vart spelt både 5-ar og 7-ar kampar, og dei spelte mot Sogndal, Vik og Kaupanger.

Spelarar: Emilie Fossberg, Oline Næss Prøven, Sara Saltnes Slinde, Evy Fossberg, Lille Fossberg, Vilde Tufte Mardal, Amalie Buene Halveg, Malin Barsnes, Emilie Myren Sæterbø, Emily Fredheim Espe, Sigrid Brudvik Sunde, Tuva Helset Mathisen, Anna Felde Hasund

## Jente 11/12 år

**Trenarar:**Linda Fossberg, Rune Barsnes, Dag Andre Mo

**Lagleiar:**Torill Felde (j11) Siv Jane Tufte Mardal (j12)

### Organisering:

Vi har hatt ein spelarstall på 16 spelarar som har bemanna eitt 7-ar lag i j11 serien og eitt 7-ar lag i j12 serien. Det har vore felles treningar to dagar i veka og kampdagar to dagar i veka. I tillegg til eigne treningar og kampar, har nokre av jentene fått tilbod om hospitering med småjentelaget, g11 og g12. Det har vore eit tett program og ein travel sesong for ein del av spelarane våre denne sesongen. Det har vore utfordrande å trene eit lag med eit så stort aldersspenn både med tanke på å gi alle kjensle av meistring, men også å gi tilstrekkeleg utfordring og utvikling.

### Desse spelarane har vore med på J11/J12 i år:

Etternamn	Fornamn	Fødselsår	J11	J12
Nornes	Anniken Sofie	2008		X
Mo	Emilie Tangen	2008		X
Hamre	Maja Rydningen	2008		X
Hasund	Anna Felde	2009	X	X
Fossberg	Evy	2009	X	X
Fossberg	Lilly	2009	X	X
Barsnes	Malin Hagheim	2009	X	X
Mardal	Vilde Tufte	2009	X	X
Halveg	Amalie Buene	2009	X	X
Sunde	Sigrid Brudvik	2009	X	
Espe	Emily Fredheim	2009	X	
Sæterbø	Emilie Myren	2009	X	
Mathisen	Tuva Helset	2009	X	
Fossberg	Emilie (fyrste halvdel av sesongen)	2010	X	
Slinde	Sara Saltnes	2010	X	(ein kamp for J12)
Prøven	Oline Næss	2010	X	

### Sportslege aktivitetar:

- Treningar:
  - 2 treningar per veke (1,5 time kvar tysdag og søndag).
  - Ei av 2008-jentene har hospitert med g12.



- To av 2008-jentene og ei av 2009-jentene har hospitert med småjentelaget.
  - Nokre av 2009-jentene har hospitert med g11.
  - Ei av jentene har delteke på «laurdagstreningar» saman med gutar og jenter frå andre årskull.
  - Sommartreningar saman med g11 ein dag i veka.
- Kampar:
    - Seriekampar J11 (7-ar) - måndagar
    - Seriekampar J12 (7-ar) – torsdagar
  - Andre sosiale trivselstiltak:
    - Felles avslutning for J11/12 med pizza på Villmarka ved sesongslutt.

#### Resultat:

Resultat j11: J11 vann alle sine kampar denne sesongen. Dei hadde strålande innsats og viser gode ferdigheiter i sin årsklasse.

Resultat j12: Naturleg nok gjekk j12 på nokre tap då laget stort sett bestod av underårige spelarar. Likevel vart det ein del sigrar og dei gav motstandarane god motstand. Å spela seriespel i årsklassen over gav gode erfaringar for 2009-spelarane våre.

#### Kretsaktivitet:

Ingen av spelarane våre i 2008-kullet vart teken ut til Enivest-samlingar denne gongen.

#### Utfordringar for neste sesong:

- Lagspåmelding for 2021 i samarbeid med lag over og under oss. Finne ut kva som er best for klubben og spelarane. Nokre av spelarane må få høve til å spele 9-ar. Ikkje melde på så mange lag at det ikkje er rom for å utvikle spelarar i treningskvardagen (må få tid til hospiteringstiltak).
- Få til gode ordningar med hospitering og utlån av spelarar mellom lag. Det bør vera god støtte frå styret på dette slik at alle føler seg ivaretekne.
- Differensieringstiltak på treningane – kunnskap og tilstrekkeleg med ressursar.

#### Oppsummering av sesongen:

Dette har vore ein utfordrande sesong med tre alderstrinn samla og organisera to ulike seriespel med ein marginal spelar- og trenarstall. Vi har likevel klart å løyse dette slik at vi alltid har fått gjennomført. Trenarar og lagleiarar har samarbeida godt og spelarane har hatt eit flott samhald på tvers av alderstrinna. Mange kampar på nokre av spelarane har utan tvil ført til ein del slitasje, men likevel ikkje verka til å ta knekken på motivasjonen.

Vi opplever organisering av trening og kamp gjennom SPOND som eit systematisk og informativt verktøy som er tidssparande for alle partar.

Jentene har vist god innsats på både trening og kamp. Vi har hatt godt oppmøte og dei har vist gode haldningar ovanfor trenarar, medspelarar og motstandarar.

Dommarane vi har hatt denne sesongen har vore flinke og møtt til avtalt tid.

Me gler oss til ein ny fotballsesong i 2021!

## Småjente j 13/14 (fødd 2006 og 2007)

**Trenarar:** Frode Danielsen og Bård Henjum

**Lagleiar:** Siri Beate England og Siv Krosshaug

**Desse spelarane har vore med på småjentelaget i år:** Vi har vore sju spelarar frå 2007-kullet, sju spelarar frå 2006-kullet og ei på disp som er fødd i 2005 heile sesongen.

<b>Etternamn</b>	<b>Fornamn</b>	<b>Årskull</b>
Henjum	Eline Dimmen	2006
Mardal	Elise Tufte	2006
Kugwa	Katja	2006
Sjøthun	Linnea	2006
Slinde	Maria Saltnes	2006
Kvam	Andrea Krosshaug	2006
Ragnhild	Mellingen	2006
Almansour	Shayma	2005 (disp)
Husum	Anne England	2007
Njøs	Andrea Sælid	2007
Myklebust	Ingeborg	2007
Husum	Ingrid	2007
Fossberg	Kathlen	2007
Stadheim	Sanne	2007
Danielsen	Sarah	2007

### Sportslege aktivitetar:

Treningar:

- To treningar kvar veke (1,5 time kvar måndag og torsdag)
- Dei jentene som ønskjer å trene med smågutane har fått det fredagane
- Vi hadde problem med å få koordinert trening med jentelaget, mange har vore med dei på kamp. Dette kom i orden på hausten.
- Seks jenter har delteke på tiltakstreningane som klubben har tilbudd kvar laurdag i ein periode.
- I januar og februar hadde vi søndagstrening i hall (futsal)
- På måndagstreningane har vi hatt med tre spelarar frå j 12; Maja Hamre, Emilie Mo og Vilde Mardal.

Kampar:

- Seriekampar 9-ar tysdagar
- Stort sett alle jentene har vore med på kampar til jentelaget

Turnering:

- Jentene skulle i år delteke på Norway cup, den vart avlyst grunna pandemien. Vi håpar at vi får reise i 2021.

Sosiale trivselstiltak:

- Vi hadde planlagt ein «kick start» på Villmarka i mars, men måtte avlyse grunna pandemien.
- Vi hadde ei kjekk avslutting i Villmarka saman med jentelaget.

Resultat:

Vi starta året med futsal sesongen før alt vart stengt ned. Der gjorde vi det veldig godt! 2006-kullet vart kretsmestrar og 2007-kullet tapte finalen på straffespark og fekk sølv. Vi har hatt ein flott sesong! Serien starta opp 18. august, det vart seks seierar og ein uavgjort. Vi vart serievinnarar, og kvalifiserte oss til sluttspel om KM-tittelen. I sluttspelet vart dei seks laga delt i to avdelingar. Vi vart avdelingsvinnarar i vår avdeling med to seierar. Vi møtte Førde 1 i finalen, og vann på heimebane og bortebane.

Krets- og sone aktivitet:

- Sone
  - 2006-kullet: Maria Saltnes Slinde og Elise Tufte Mardal
  - 2007-kullet: Anne England Husum, Andrea Sælid Njøs, Sarah Danielsen og Ingeborg Myklebust
- Krets
  - 2006-kullet: Elise Tufte Mardal
  - 2007-kullet: Anne England Husum, Andrea Sælid Njøs og Ingeborg Myklebust

### Oppsummeringa av sesongen:

Dette har vore ein flott sesong sjølv med koronaen. Vi starta året med flotte prestasjonar på futsal KM, og avslutta serien som kom i gang i august som kretsmeisterar etter eit langt sluttspel!

Det vart ikkje Norway cup, men det prøver vi oss på i 2021.

Jentene har vist god innsats på både trening og kamp. Vi har hatt godt oppmøte og dei har vist gode haldningar ovanfor trenarar, medspelarar og motstandarar. Det verkar som om dei trivest.

Treningstilhøve og kamptilhøve har vore bra. Dommarane vi har hatt denne sesongen har vore flinke og møtt til avtalt tid. Vi gler oss til ein ny fotballsesong i 2021!



## Jenter 15/17 7ar/9ar

**Trenarar i år har vore:** Steinar Henjum og Frode Danielsen

**Lagleiar har vore:** Jorunn Felde og Gro Linde

**Desse spelarane har vore med på laget i år:**

**f.2002**

Oline Flatabø Kleiven

**f.2004:**

Ingeborg Knudsen Berg  
Sarah Grepstad Røysum

**f.2005**

Live Holen  
Anja Elisabeth Hickman  
Marte Linde Røyseth  
Rebekka Felde Liljedal

**Frå 2006 og 2007 har desse jentene spelt kampar på jentelaget:**

Elise Tufte Mardal, Maria Saltnes Slinde, Eline Dimmen Henjum  
Linnea Christensen Sjøthun, Ingrid Husum, Anne England Husum, Ingeborg Myklebust,  
Andrea Njøs, Sarah Danielsen og Katja Chido Kugwa

**Sportslege aktivitetar:**

**Treningar:**

Dei har hatt to treningar i veka gjennom sesongen, ein dag med småjentelaget og ein dag med damelaget.

**Resultat / tabell for sesongen:**

Me stilte med eit 9ar lag i serien med kampdag onsdagar. Sidan enkelte lag ikkje kunne stille 9ar har nokre av kampane vorte avvikla med 7ar.

Jentelaget spelt sesongen utan tap! Dei vann åtte kampar og spelte ein kamp uavgjort  
Jentene vann serien og spelte KM sluttspel mot Askvoll/Holmedal/Atløy.

Resultat:

AHIL/Atløy – Syril 3-8

Syril – AHIL/Atløy 2-1

	Lag	S	P
1	<a href="#">Syril</a>	9	25
2	<a href="#">Hafslo</a>	9	16
3	<a href="#">Vik</a>	9	12
4	<a href="#">Bjørn</a>	9	0

**KM-innandørs:**

Jentene kom vidare til sluttspelet på Sandane.

### **Sosiale aktivitetar:**

Det har vore ein spesiell sesong på grunn av korona, og vi har difor ikkje gjennomført mange sosiale aktivitetar. Småjentelaget og jentelaget hadde felles avslutning på Villmarka. Her fekk jentelaget endeleg pokalen som dei fekk for KM tittelen.

### **Utfordringar for neste sesong:**

Å klare å få alle spelarane til å bli med vidare, behalde breidda og ta vare på toppane.

### **Oppsummering:**

Dette har vore ein litt rar og forkorta sesong, der sesongstart først vart 19.august. Jentene har vist fin framgang og vist at innsats på trening gjev resultat for den enkelte og dermed også for laget. Slik kunne både småjenter og jenter henta heim KM-tittelen.

Til slutt vil vi takke trenarane for godt samarbeid.

Takk også til foreldre som har stilt opp på foreldreoppgåver de vart tildelt.



**KM vinnarar J15/17 9ar**

### **Damer 3.divisjon**

Spelarar: Amalie Henjum, Anja Hickman, Elise Tufte Mardal, Gunvor Hamre Nornes, Hildegunn Stadheim, Ingeborg Berg, Inger Anne Bruheim, Julianne Fossberg, Kristine Røyseth, Linn Sofie Stavn Ugulen, Live Navarsete Holen, Marianne Steinsøy, Marte Linde Røyseth, Oline Flatabø Kleiven, Rebekka Felde Liljedal, Sara Felde Liljedal, Sarah Røysum, Siv Hickman, Stine Gjerde, Synne Gjerde, Therese Foss, Vilde Oppedal Jacobsen.

Trenarar: Steinar Henjum og Sven Eirik Heggstad

Lagleiar: Birte A. Røysum





#### Treningar:

Starta med frivillig trening i Saften i november. Det var bra oppmøte, og me fekk danna ei damegruppe. Starta med obligatoriske treningar i midten av januar med to økter i veka. Fortsatte med eine dagen i Saften og me var på ungdomsskulen og hadde sirkeltrening på dag to. Me hadde bra treningsoppmøte til tross for «koronatrening» fram til sommaren, men det dabba litt etter det når me fekk stadfesta at det ikkje vart kampar. Me har likevel lege rundt 10 stk. på trening, og no på hausten har me trent ilag med småjentelaget fredagar, og vore mellom 15 og 20 stk.

Treningskampar: Det vart ein treningskamp på damelaget denne sesongen før det vart stengt ned pga. korona. Den kampen vart spelt i Balestrand 11. mars, og resultatet vart 3-1 til Balestrand. Me var meget godt nøgde med kampen. Me skapte mykje og damene sto kampen ut. Så treningsgrunnlaget har vore bra. Enorm kollektiv innsats var å trekke fram her. Einaste skår i gleda var at me fekk keeper ute med langtidsskade ved 1-0 målet.

Sosialt: I februar hadde damelaget kick off saman med herrelaget på Villmarka. Det var ei sosial samling med ulike konkurransar, damene mot herrane. Damelaget møtttest i fjøsen til Nils før kick off og kosa seg med mat.

I juni tok me ein ny felles kick off sidan sesongen ikkje var kome i gang skikkeleg. Då var me på bana og hadde ulike konkurransar og grilling. Før Covid-19 stengde landet hadde me to samlingar med kvelds/sosialt der me nytta høve til å snakke og informera litt.

Det har vore ein spesiell sesong for damelaget, slik som det har vore for alle, og spesielt breiddefotballen for senior. Det var eit håp at ein skulle kome i gang med kampar i haustsesongen, men den rauk og dessverre. Det som har vore ekstra spesielt for damelaget er Syril endeleg hadde meldt på 11'ar damelaget. For første gong sidan 2008-sesongen. Dette skulle vere sesongen som la grunnlaget vidare for fleire sesongar med 11'ar damelag.

Etter evaluering med spelarane viser det seg at det vert nokre fråfall av naturlege årsakar. Me ha fortsatt att ein gjeng som er ivrige, men langt frå stor nok til å danne damelagsstall. Spørst om fasiten vert å stille 11'ar jentelag og at ivrige damelagsspelarar kan vera med der i treningskvardagen (evt. vere med på 7'ar turnering). Dette kan kanskje danna grunnlag for 11'ar damelag i gjennom eitt år eller to?

## Gutar 10

Trenarar: Hovudtrenar: Ole Morten Kvam

Trenarar: Tor-Einar Holvik Skinlo, Olav Haugen, Anita Nornes og Bjørn Orrestad

Lagleiarar: Linda Føleide Skinlo og Stine Mundal Aase

Spelarar(fødd 2010): Markus Føleide Skinlo, Emil Steinsøy Kvam, Håvard Tveit Eggum, Jonathan Moberg, Aron Orrestad, Endre Risøen, Ali Alsaid, Andreas Lund Nygard, Kenneth Skårhaug Talle, Lucas Nornes, Nikolai Aase Haugen

Sportslege aktivitetar:

Vi hadde ei trening i veka, i gymsalen på ungdomsskulen før sesongstart. Vi rakk å ha ei trening ute, før koronarestriksjonane kom. Vi starta opp att med 1 trening i veka frå 7.mai. Etter 1.juni auka vi opp til 2 treningar i veka. Vi har stort sett hatt bra oppmøte på treningane, men med meir variert oppmøte i sommarmånadane. Vi reduserte då til ei trening i veka i den perioden. Samstundes hadde vi eit samarbeid med J10/11/12 og G11 om felles trening for dei som ville trene meir.

I august fekk vi endeleg starte opp med kampspel. Vi traff laga Sogndal, Vik og Balestrand. Bjørn trekte seg ved sesongstart. Vi vann dei fleste kampane, men møtte motstand hos Sogndal.

Vi hadde meldt oss på Voss-Cup denne sesongen og var godt i gong med planlegging og organisering av tur til Voss. Som kjent vart cupen avlyst.

Vi avslutta sesongen med ei sosial samling på Villmarka 23.oktober med Pizza og Quiz. Alle spelarane og 3 av trenarane deltok. Det var ei kjekk avslutning av sesongen.

Nokre av gutane har hospitert opp på G11/12.

### **Oppsummering:**

Det har vore ein spesiell sesong med mange restriksjonar i samband med koronapandemien.

Trenarar, lagleiarar og foreldre har gjort ein kjempejobb med å tilrettelegge og tilpasse treningar og kampar ut i frå retningslinjene. Spelarane har hatt ei fin utvikling, sjølv om det har vore ein spesiell sesong.

Neste sesong: 9 av 11 spelarar melder om at dei blir med til neste sesong. 2 av spelarane er usikre. På trenarsida sluttar to trenarar, ein er usikker og to held fram. Ein lagleiar held fram, medan ein gir seg. Laget treng ein ny hovudtrenar neste sesong.



## Gutar 11

**Trenarar:** Helge Gjerde Eggum og Hans Kristian Midtun Aaberge

**Lagleiarar:** Eva Nesse og Camilla

Syrl G11 har hatt 11 eigne spelarar gjennom sesongen. I tillegg har me har hatt 1 spelar fast med frå G10 på trening og i nokre kampar. I haust har det tillegg hospitert 2 spelarar til frå G10. Alle desse 14 trenar framleis 2 gonger i veka saman med G12.

Alle 11 spelarane har sagt at dei er med neste sesong. Ingen sluttar

Helge Gjerde Eggum sluttar som trenar, medan Hans Kristian Midtun Aaberge er med vidare. Camilla og eg kan vere med vidare.

## Gutar 12

**Trenar:** Endre Navarsete

**Lagleiar:** Frode Berge Alme

**Spelarar:** Ahmad, Ammar, Arin, Brede, Christoffer, Eivind, Jonas, Leon, Mathias, Milian, Olav, Tarjei, (Sverre var med på treningar før korona og i desember).

G12 er ein gjeng som har tatt mange steg i år tross kort sesong. Veldig godt oppmøte på treningane i heile haust heilt fram til siste trening 9. desember. Vi har og 4 spelarar som er innmeldt til opptakssamlingar i forbindelse med sonelag. Her er det diverre kun gjennomført ein samling so langt grunna korona.

Laget havna i ein veldig fin serie. Det vart totalt spelt 10 kampar mot Vik, Balestrand, Bjørn og to Sogndalslag. Alle kampene var veldig jevne der største siger vart 5-1 og største tap og vart 5-1. Så mange jamne kampar har gitt mykje god mestring for alle.

G11 har og vore med å bidrege på trening og kampar med oss gjennom sesongen. Stor takk til dei.

Alle 12 spelarane som har vore med i år har sagt at dei blir med vidare neste år. I tillegg er Sverre tilbake frå Australia. Så då blir det 13 stk. 2008 gutar som blir med på smågutelaget neste år saman med 2007-gjengen.

## Smågutar 13-14 år

**Trenarar** i år: Steinar Eggum, Jørn Njøs, Torbjørn Hasund og Lars Ivar Menes

**Lagleiar:** Eva Hamre

Desse **spelarane** har vore med på G13/14:

2005:

Endre Njøs Verlo

Nikolay Einarsen

Johan Felde Hasund

Erlend Valvik Menes

Erlend Ølnes Hamre

Jørgen Humlestøl Njøs

2006:

Trygve Flaten

Tore Hamre Nornes

Stian Strong Skårhaug

Sondre Farstad Skagen

Jonas Berge Jørgensen

Even Talle

Daniel Borlaug

Aksel Aaland Eggum

Adrian Nornes

### Sportslege aktivitetar:

I vårsesongen var det lite sportslege aktivitetar, då korona kom i mars. Gutane var flinke å møte opp på trening trass i at dei ikkje fekk spela kampar på vårparten.

På haustsesongen fekk gutane spela kampar der alle var med, nokre trakk seg ut på slutten av sesongen. Sesongen var totalt sett bra frå spelarane, både på trening og kamp. God utvikling på fleire av spelarane. God hjelp frå jente -06 i fleire kampar.

Kampar i år:

Hjemmelag	Resultat	Bortelag
Vik 7 ar	13 - 2	Syril
Syril	0 - 8	Balestrand
Sogndal	1 - 3	Syril
Syril	3 - 8	Bjørn 1
Hafslo	3 - 2	Syril
Syril	1 - 3	Vik 7 ar
Balestrand	6 - 2	Syril
Syril	4 - 2	Sogndal
Bjørn 1	8 - 1	Syril
Syril	5 - 1	Hafslo

Laga som var med i år:

	Lag	S	P
1	<a href="#">Balestrand</a>	10	27
2	<a href="#">Bjørn 1</a>	10	21
3	<a href="#">Vik 7 ar</a>	10	13
4	<a href="#">Hafslo</a>	10	13
5	<a href="#">Syril</a>	10	9
6	<a href="#">Sogndal</a>	10	3

## Gutelaget G15/17

**Trenarar:** Jan Olav Aarsheim og Jan Tore Slinde

**Hjelpetrenarar:** Arild Haugen, Bjørn Fardal, Joar Strand

**Matrialforvaltar:** Trond Henjum

**Lagleiarar:** Kristin Cirotzki og Astrid Asperanden Hauge

Det har vore med 24 **gutespelarar** i år:

Alexander Slinde	Håvard H. Fardal
Andreas Bjørk Ertsland	Jarand H. Fardal
Andreas Gjengedal	Erlend H. Fardal
Andreas H. Barsnes	Lukas Sjøthun
Andreas Haugen	Ole Stadheim
Angelo Singdahlsen	Oskar F. Kleiven
Christian D. Eggum	Sigbjørn N. Eikeland
Daniel Flaten	Simen Y. Von Porat
Espen Hichman	Sindre Navarsete
Fredrik Talle	Tommy Kviberg
Gard C. Stokkenes	Leander A. Hauge
Hans F. Fidjestøl	Erlend T. Henanger

Av desse er 14 gitar frå 2005 kullet, 9 gitar frå 2004 kullet og 1 frå 2003 kullet.

På vårsesongen trente 9 gutespelarar saman med A-laget.  
Sindre, Simen, Ole, Fredrik, Espen, Christian, Angelo, Andreas H, Alexander.

I løpet av sesongen har to spelarar gitt seg: Leander og Erlend T. H.  
Leander ynskte ikkje lenger spela fotball, Erlend flytta frå bygda.

Nokre av gutane har vore mykje borte frå trening og kamp pga. skadar.

5 spelarar frå smågutar har hospitert opp på treningar.  
1 spelar frå smågutar, Stian Strong Skårhaug har ogso vore med på kampar.

Vårsesongen:

Laget hadde to treningar i veka ute på bana fram til nedstengingen [12 mars](#).  
Treningane vart starta opp igjen i slutten av april. Det var behov for fleire vaksne på treningane pga. koronarestriksjonane. Foreldra stilte då opp på treningsdugnad.  
Laget fortset med to treningar i veka resten av sommaren.

Pga sjukdom måtte Jan Olav gi seg som trenar på slutten av sommaren.  
Jan Tore tok då over som hovudtrenar.

Hautsesongen.

Desse kampane vart spelte:

Syril- Kaupanger 3-2

Syril- Sogndal 2 9-3

Bjørn- Syril 2-3  
Syril- Jotun 6-4  
Kaupanger- Syril 4-1  
Syril- Bjørn 3-2

Sogndal 2- Syril 0-3  
Jotun- Syril 0-4

7 seirar og 1 tap. Laget vart serievinnarar.

Laget har ogso spelt to ekstrakampar mot Kaupanger 05 og 12 november.

### **Oppsummering:**

Etter ein avstemming på spond svarar [15 av gutane at dei ynskjer å forsette](#) med fotball neste sesong. 7 er usikre.

Lagleiarane ynskjer ikkje å fortsette neste sesong.

Hovudtrenar Jan Tore Slinde ynskjer ikkje å forsette neste sesong.

## Senior herre

**Trenar:** Jan Tore Slinde

**Lagleiar:** Kjetil Berg

Sesongen 2020 var året ein skulle bygga vidare på den meget sterke prestasjonen frå året før, der ein beheld plassen i fylke sin høgaste divisjon, Kretsligaen.

Ein kom tidleg i gang for å leggja eit godt grunnlag for sesongen, der målet også i år skulle vera å behalda plassen, noko me hadde stor tru på. Eit lag bestående av unge, lokale spelarar skulle vere nøkkelen, kyndig leia av Jan Tore Slinde. Det vart etablert ei gruppe rundt laget som skulle jobba med å optimalisera forholda rundt seniorlaget, både sosialt, rekruttering, arrangement etc.

Det var for første gang på fleire år gjort klart for treningsleir, der fleire treningar og kamp sto for tur, i tillegg til det sosiale. Denne traff dessverre akkurat etter nedstenging, og etter dette har dei over 20 år dessverre ikkje fått trent vanleg fotball.

Utover våren, sommaren og hausten heldt ein oppe med korona-vennlige treningar, og venta spent på når oppstart vart. Dette skjedde dessverre ikkje, Dei under 20 år fekk heldigvis etter kvart starte opp att med normal trening.

Det har vore forsøkt å oppretthalde gode treningar, samt det sosiale aspektet og kickoff vart gjennomført saman med damelaget, i tillegg til sosial samling på bana.

2020 Lag		Trenarar og lagleiarar Namn	G11 2009		Eva Nesse Helge Eggum Hans Kristian Aaberge
<b>Herrar Kretsligaen</b>	<b>11`ar</b>	<b>Kjetil Berg</b> Jan Tore Slinde Ole Morten Kvam Eivind Røysum	<b>Lillegutar</b> G10 2010	<b>7`ar</b>	<b>Linda Føleide Skinlo</b> <b>Stine Mundal Aase</b> Ole Morten Kvam Tor Einar Skinlo Olav Haugen Bjørn Orrestad Anita Nornes
<b>Damer 3.div.</b>	<b>11`ar</b>	<b>Birte Andersen Røysum</b> Steinar Henjum Sven Eirik Heggstad			
<b>Jenter J15-17 2003-2005</b>	<b>9/7`ar</b>	<b>Jorunn Felde</b> <b>Gro Linde</b> Steinar Henjum Frode Danielsen	<b>Lillegutar</b> G9 2011	<b>5`ar</b>	<b>Marianne Servold Gåserud</b> Frode Danielsen Mariann Fredheim Jon Amundsen Svein Helge Steinsåker
<b>Gutar G15-17 2003-2005</b>	<b>11`ar</b>	<b>Kristin Cirotzki</b> <b>Astrid A. Hauge</b> Jan-Olav Aarsheim Arild Haugen Bjørn Fardal	<b>Lillejenter</b> J9 2011	<b>5`ar</b>	<b>Unni Havnen</b> Anny Mari Berge Jørgensen Eivind Røysum Frode Berge Alme
<b>Småjenter J13-14 2006-2007</b>	<b>9`ar</b>	<b>Siv Krosshaug</b> <b>Siri Beate England</b> Frode Danielsen Bård Henjum	<b>G9</b> 2011		<b>Marianne Servold Gåserud</b> Frode Danielsen Mariann Fredheim Jon Amundsen Svein Helge Steinsåker
<b>Smågutar G13-14 2006-2007</b>	<b>9`ar</b>	<b>Eva Hamre</b> Steinar Aa. Eggum Lars Ivar Menes Torbjørn Hasund Jørn Njøs	<b>J9</b> 2011		<b>Unni Havnen</b> Eivind Røysum Anny Mari Berge Jørgensen Frode Berge Alme
<b>Lillejenter J 11/12 2008/2009/2010</b>	<b>7`ar</b>	<b>Siv Jane Tufte Mardal</b> <b>Torill Felde</b> Linda Fossberg Rune Barsnes	<b>G8</b> 2012		<b>Jan Helge Eggum</b> <b>Solveig Tveit Eggum</b> Jacob Andersen
<b>Lillegutar G12 2008</b>	<b>9`ar</b>	<b>Frode Berge Alme</b> Endre Navarsete Helge Hauso Yngve Sunde	<b>J8</b> 2012		<b>Helga Maj Myren</b> David Henjum Frode Ølmheim Espen Sæterbø Helga Maj Myren
<b>Lillegutar</b>	<b>7`ar</b>	<b>Camilla N. Holen</b>	<b>G7</b>		<b>Reimund Breisnes Loven</b>

2013  
Reimund Breisnes Loven  
Andreas R. Thue  
Arek Lekki  
Svein Helge Steinsåker  
Jomar Leirdal

**J7**  
2013  
**Marianne Servold Gåserud**  
Siri Beate England  
Birte Andersen Røysum  
Daniel Ølmheim  
Nils Olav Nygard

**G6**  
2014  
**Hilde K. Vadheim**  
Inga Henjum Halsnes  
Rune Njøs  
Tor-Einar Skinlo  
Jan Rune Mardal

**J6**  
2014  
**Magne Gjerløw**  
Svein Røysum  
Elin Christensen  
Heidi Ravnestad